

# Religionen sin plass i kommunist-Kina

DAGFINN SOLHEIM

Heilt ifrå starten har kommunismen vore kritisk til, og til dels fientleg overfor religion. Likevel er tilhøvet til religionane svært forskjellig i dei ymse land, og ein kan tala om forskjellige epokar i same landet. Utgangspunktet for alle er Marx sin teori om at religionen dyssar folk inn i ei illusorisk lukke. Dermed blir dei hindra i å overvinne ulukka og å gå til angrep på det vonde i samfunnet (klassekampen). Difor er religionen opium for folket.

I Kina kan ein tala om tre epokar i forholdet til religionen under kommunismen. I 1950-åra skreiv dei om religionen for å prova at han var utan verdi. Dei heldt fram ateisme som det korrekte og den vitenskapelege måten å sjå på livet på. Også i denne tida var det kristendomsføljing og dei fleste kyrkjene var stengde før kulturrevolusjonen.

Under kulturrevolusjonen hevda dei ekstreme venstreorienterte at religion er overtru og ikkje kan tolererast! Det var då aktiv kamp mot kristne og andre religionar. Kristne kyrkjer blei stengde, religiøse skrifter blei konfiskert og brent og mange kristne fengsla og sendt i arbeidsleirar. Det felles grunnlaget for kritikken var at materialisme, slik det er uttrykt i marxismen, er overlegen både i forhold til filosofisk og religiøs idealisme.

1980-åra er prega av toleranse og forsøk på å eina forskjellige grupper til felles innsats for nye materielle mål («joint action» og dei 4 moderniseringane). Nye røyster lyder om ei meir positiv vurdering av religionen, i alle høve så lenge ein ikkje har nått fram til eit fullkome kommunistisk samfunn.

## A. Frå konstitusjonen i Folkerepublikken Kina

«Borgarar av folkerepublikken Kina har religionsfridom. Hverken statsorgan, offentlege organisasjonar eller einskildindivid kan tvinga nokon til å tru på, eller ikkje tru på, nokon religion. Dei har heller ikkje rett til å gjera forskjell mot borgarar som trur på, eller ikkje trur på nokon religion.

Staten vernar om normale religiøse aktivitetar. Ingen må bruke religionen for å ta del i aktivitetar som forstyrrar offentleg orden, skadar folk si helse, eller blandar seg inn i staten sitt undervisningssystem.

Religiøse organisasjonar og religiøse saker må ikkje stå under utanlandsk herredøme» (art. 36 av grunnlova, vedteke i 1982, sitat frå 1986).

## B. Partidokument Nr. 19

Dette dokumentet blei sendt ut av Sentralkomiteen i kommunistpartiet i 1982, og har i mange år vore retningsgivande: «Om det grunnleggjande standpunkt og politikk i religiøse spørsmål i den sosialistiske epoken i vårt land.» I forordet blir det sagt at dette dokumentet systematisk summerar historiske erfaringar når det gjeld religion sidan frigjeringa. Dokumentet skal også vera grunnlaget for fortsatt gransking og vitenskapeleg undersøkjing når det gjeld religion, både positive og negative synspunkt og element skal vera med. Me vil berre ta med utdrag frå dei tolv punkta i dokumentet:

1. «Religion er eit historisk fenomen på eit visst stadium i utviklinga av samfunnet. Det har stadier med vekst, utvikling og forsvinning...» Det er ikkje realistisk å tru at religionen vil forsvinne fort. Mangel på materiell velstand og andre ting i samfunnet kan ikkje eliminerast fort og desse tinga vil gi grobott for religion. Men etter ein lang periode av sosialisme og kommunisme vil endeleg religionen forsvinna. Å bruka makt for å få bort religionen er både galt og skadeleg.

2. Forskjellige religionar i Kina blir nemt. Alle har auka i antall sidan Frigjeringa. Auken blant protestantiske kristne er langt større enn andre religionar; 700.000 i 1949 og 3 millionar i 1982.

3. Det blir gitt ein historisk analyse av partiet sin religionspolitikk. Både kulturrevolusjonen og dei radikale venstre sine mistak sidan 1957 blir kritisert. Dette gjeld både overfor minoritetsgrupper og generelt om forføljing og bruk av vald mot truande menneske. Dei første 17 åra etter 1949 blir framstilt som ei mønstertid då ein oppnådde store resultat. Dei fekk eliminert imperialistisk påvirkning og innført sjølvstende i kyrkjene (Three self). Samtidig med at negative element blei eliminert, kunne dei iverksetja religionsfridom. Etter den 11. partikongressen har

desse prinsippa og denne politikken igjen blitt innført litt etter litt. Kyrkjer og tempel er blitt opna og religiøs aktivitet er kome igang.

4. Partiet vil respektere og verne om religionsfridomen inntil, ein gong i framtida, religionen forsvinn av seg sjølv. No er partiet si hovedoppgåve å sameina alle folk, både dei som trur på ein religion og dei som ikkje trur, i arbeidet med å byggja eit moderne, sterkt, sosialistisk land. Ein skal ikkje bruka makt mot religionen, men likevel tilskynde vitenskapeleg utdanning og bruke propaganda mot overtru. Det blir her og gitt spesielle restriksjonar når det gjeld påvirkning av ungdom under 18 år.

5. «Å vinne, forene og utdanne personale i religiøse sirklar er ein viktig del av partiet sin religionspolitikk.» Dei reknar med 59.000 slike personar i Kina, deriblant 5.900 protestantiske prestar.

Dei fleste religiøse arbeidarane er «patriotar, lovlydige og dei støttar sosialismen.» Ein må stadig og tolmodig «lære dei å elske landet, lyde lova og støtte sosialismen.» Til tross for at marxismen står i motsetning til alle former for gudsdyrking (theism), må ein gå saman for å fremje sosialistisk modernisering.

Men det blir gjort unntak for religiøse leiarar som har vore dømt eller som tar del i religiøs verksemd som ikkje er godkjent av dei religiøse organisasjonane. Dei må bli behandla i samsvar med det dei har gjort. For å gå inn i religiøst arbeid må dei bli godkjent av dei religiøse organisasjonane.

#### *6. Religiøse samlingsplasser*

Talet på kyrkjer, tempel, moskear og andre samlingsplasser har gått ned frå 100.000 til 30.000 sidan frigjeringa. Det blir sagt at all religiøs aktivitet på desse plassane og i heimane skal bli organisert av dei religiøse organisasjonane. Når det gjeld kristne husmøter «skal dei i prinsippet ikkje tillatast, men dei skal ikkje bli stoppa på ein brutal måte.» Patriotisk religiøst personell skal sørja for andre alternativ.

Ingen religiøse organisasjonar eller truande kan evangelisere, preike eller forkynne gudstru (theism), eller spreie religiøs litteratur utanom religiøse møteplassar.

#### *7. Patriotiske religiøse organisasjonar*

«Alle dei patriotiske religiøse organisasjonane skal lyde leiarane i partiet og regjeringa.» «Hovedoppgåva for desse er, på alle nivå, å hjelpe partiet og regjeringa i å setje ut i livet politikken om religionsfridom .hjelpe massane av religiøse truande til å styrkje sin patriotisme og sosialistiske viten.»



### 8. Utdanning av ungdom

Det blir lagt stor vekt på utdanning av den yngre generasjonen. Ein skal utdanne religiøse arbeidarar som «elskar landet, støttar partiet sin leiarskap og det sosialistiske systemet...» Politiske krav blir stilt framfor det åndelege eller teologiske.

### 9. Partimedlemmer

Religionsfridom er for vanlege borgarar og ikkje for partimedlemmer. Partimedlemmer skal vera ateistar. Det blir gjort nokre unntak for partimedlemmer i monoritetsgrupper. Dei bør eliminere religionen frå sin tanke, men skal likevel delta i kulturelle skikkar og sermoniar.

### 10. Reaksjonære krefter

Reaksjonære krefter under religiøst dekke må ein slå hardt ned på. Det blir sett skilje mellom normal religiøs aktivitet og overtru. (Katolske prestar som er lojale mot paven, og huskyrkjer som har distribuert litteratur, har blitt anklaga ut frå dette punktet.)

### 11. Internasjonale kontaktar

På den eine sida skal ein fostre vennelg samband med andre land, men samtidig skal ein vera på vakt mot infiltrasjon. Dei reaksjonære religiøse kreftene i verda inkluderer den romerske kurie og protestantiske misjonsorganisasjonar. «Ein må aldri tillate nokon utanlandsk organisasjon å evangelisere på nokon måte i dette landet eller å smugle store mengder religiøst propagandamateriell og spreie dei.» Ein må spesielt vera på vakt mot «undergrunnskyrkjer og andre illegale organisasjonar som er organisert av fientlege religiøse krefter i vårt land.»

### 12. Under partikontroll

«Å styrkje leiarskapen i partiet er den grunnleggjande garantien for å få deg rett av religiøse spørsmål. Partiet sitt religiøse arbeid er ein viktig del av arbeidet under «Samla front» (United Front).» Religionsbyrået høyrer heime her. Vidare blir det sagt at «vi må styrkje regjeringsorgana som kontrollerer dei religiøse sakene.» Alle kadrene som er involvert i dette må systematisk studere marxistisk teori. I partiet sitt teoretiske arbeid er det viktig å «kritisere idealisme» (inkludert gudstru) ved marxistisk filosofi og utdanne massane, spesielt dei unge, i materialisme. Materialismen blir rekna som det vitenskapelege verdssynet.

Vidare skal ein drive forskning og undersøkingar på det religiøse området. I det sosialistiske samfunnet skal ein litt etter litt eliminere dei

sosiale og andre årsaker til religiøs tru. «Men sjølv sagt vil det vera umulig å lukkast i ei slik stor oppgåve gjennom ein kort tidsperiode, heller ikkje i ein, to eller tre generasjonar.» Men ein gong vil det i vårt land vere mulig å innta ein vitenskapeleg haldning til verda og livet og «det vil ikkje lenger vera behov for å søkje åndeleg støtte frå den illusoriske verda av guder.»

### C. Fjorten punkt til kristne i utlandet

Når det gjeld tilhøvet til kristne i utlandet har biskop K.H.Ting forklart ein del i fjorten punkt. Dei blei først presentert 23.des. 1980 (A Call for Clarity: Foruteen Points from Christians in the People's Republic of China to Christians Abroad).

Første punkt heiter det nye Kina. Deretter får ein høyra om religionsfridom (pkt.2), om organisasjonar i det nye Kina (pkt.3), om religion og imperialism (pkt.4). Her blir det uttrykkeleg slått fast at kolonialistar og imperialistar utnytta religionen i sin aggresjon mot Kina. Punkt 5 er om tre sjølv prinsippet, og så får vi høyre om einskapen i kyrkja i Kina (pkt.6). Punkt 7 handlar om arbeidet som ligg foran. Spesiell interesse har kanskje pkt. 8 og 9:

Pkt. 8. Evangeliseringsarbeid i Kina er ansvaret til den kinesiske kyrkja.

Ting går i rette med dei som tenkjer dei kan sende misjonærar til Kina. Same kor lita kyrkja i Kina er, så er det hennar ansvar å evangelisere og drive misjon i Kina. «Vi vil ikkje invitere misjonærar til Kina frå utlandet.» Dei ønskjer ikkje at grupper eller enkeltindivid skal ta del i evangeliseringsarbeid i Kina utan uttrykt samtykkje frå kinesiske kyrkje-autoritatar. «All misjons og kyrkjeleg verksemd, inklusive radio-sendingar til Kina, som blir utført utan samtykkje av kinesiske kyrkjelege autoritetar, er uvennlege handlingar og mangel på respekt.»

Pkt. 9. Utanlandske kyrkjegrupper i samarbeid med ikkje-kristne kinesiske tiltak.

Her blir nemt grupper som står i samband med utanlandske kyrkjer og som forhandlar med kinesiske skular, hospital, fabrikkar og andre tiltak. Den kinesiske Tre sjølv kyrkja (heretter TSPM) ville ikkje ha noko meining om slikt samarbeid dersom ikkje mange av desse gruppene stod nær tilknytta kyrkjesamfunn. «Det er prester og nonner som kjem til Kina for å undervise i engelsk og som har sagt at å undervise er deira metode, men den verkelege målssetjinga er evangelisering.» Men vi kan ikkje lita på utlendingar når det gjeld å forkynne evangeliet og bygge kyrkja i Kina, seier TSPM.

I punkt 10 blir det sagt at det ikkje blir tale om å venda tilbake til ulike kyrkjesamfunn. Internasjonalt samkveme blir drøfta i punkt 11. Dei skil mellom dei som er vennlege og respekterer tre sjølv prinsippet, og dei som ikkje gjer dette.

Pkt. 12 tar for seg kor vidt ein skal delta i internasjonale organisasjonar og konferansar, mens pkt.13 talar om økonomisk støtte frå utlandet. «Eg tenkjer vi kan opna døra litt slik at folk kan gi til våre lokalkyrkjer.» Men kyrkja må i første rekkje lite på ofringar frå kinesiske kristne.

Siste punktet heiter «Forskjellen på Kina-program i utanlandske kyrkjer».

Dei forskjellige «Kina-programma» i kyrkjer i utlandet ser ut til å ha heilt forskjellige haldningar til Kina. «Vi studerer desse programma slik at vi kan merka oss forskjellen på dei. Vi er svært takknemlege for det gode arbeidet som nokre av dei gjer. Men det er andre som i navnet driv forskning...men i realiteten driv dei etterretning, og spreier 'hat Kina'-propaganda».

#### **D. Rapport om internasjonale relasjonar**

Tre sjølv kyrkja (Three self Patriotic Movement, TSPM) og det kristne rådet (China Christian Council, CCC) var samla i Chengdu i august i 1987. Han Wenzao har skreve ein rapport fra dette møtet om kyrkja sine internasjonale relasjonar. Samtidig blir det bedt om bønner for kyrkja i Kina.

Hovedprinsippet i høve til utanlandske kristne og kyrkjesamfunn er å skjeldna mellom to typar. Dei vil gjerne ha samband med kristne frå alle land basert på gjensidig respekt, likskap og venskap. Samtidig er kyrkja imot krefter i andre land som er kritiske til Kina og ignorerer tre sjølv prinsippa eller søkjer å infiltrere Kina. Dei er glade for at artiklar i kristne publikasjonar som er negative til Kina har minka. Tilhøvet til kristne i utlandet har generelt utvikla seg positivt, men det er enno krefter i utlandet som er negative til Kina og som brukar ny taktikk og nye metodar. Spesielt blir det nemt nokre grupper i Hong Kong. Det kinesiske forskningssenteret under leiing av Jonathan Chao blir sterkt kritisert, særleg det dei seier om «huskyrkje-rørsla». Hans kritikk av kommunist-Kina blir og sterkt kritisert.

Ellers held dei fast på prinsippet om at evangelisering av Kina er dei-  
ra eige ansvar.

Når det gjeld forholdet til kyrkja i Hong Kong har TSPM og CCC beslutta ikkje å åpna noko kontor i Hong Kong (nokre kristne leiarar i



Hong Kong foreslo det i 1982). Det kunne nemleg bli misforstått som om TSPM og CCC «ville nå ut til Hong Kong, for å førebu å ta over kyrkjene der». Men «vi har ikkje den minste intensjon om å få kyrkja i Hong Kong under våre to nasjonale organisasjonar, og heller ikkje å tvinga tre sjølv prinsippet inn på kyrkja der» (ref. etter China Talk No 1. 1988).

### E. Religionspolitikk på provins- og lokalplan

Organisasjonen Christian Communications i Hong Kong har samla ein del materiale om korleis religionspolitikken blir praktisert i ymse område i Kina (Research Paper No. 1 og No. 6).

1. Frå Yunnan provins: «Avgjerder når det gjeld å ta vare på normal religiøs verksemd» (utgitt av Yunnan TSPM og CCC, mars 1982).

Dette dokumentet er eit eksempel på korleis kyrkja set religionspolitikken ut i livet. Det blir lagt vekt på «normal» religiøs verksemd. All kristen verksemd må skje innafor TSPM. Arbeidsområdet er bestemt, plassen er bestemt og forkynnarar og leiarar skal vera valgt og ordinert (pkt. 2, 3 og 4). Ingen prest må virka utafør sitt område (pkt. 5). Ein må ikkje hindra sjuke i å koma til lege, og det er forbudt å driva ut vonde ånder (pkt. 6). Det er forbudt å virka til at unge blir omvendt (pkt. 7). Evangeliseringsansvaret ligg hos den kinesiske kyrkja, og verken utanlandske kyrkjer eller enkeltindivid må blanda seg inn i kyrkja si verksemd, prøva å kontrollera kyrkja, eller driva evangelisering innan landet sine grenser (pkt. 9). Dei kristne i heile provinsen må halda seg til staten sine lover og politikk og bruka sine krefter på å oppfylla dei fire moderniseringane (pkt. 10).

2. Det er mange eksempel på at det blir lagt press på kristne for at dei skal gå til dei autoriserte kyrkjene. På dette området er det samarbeid mellom «samla front» departementet/religionsdepartementet og TSPM. Til dømes blei presten og dei kristne i Guangzhou bedt om å gå saman med TSPM/CCC i denne byen. Samtidig blei presten anklaga for å trykja og distribuere eigne bøker, og for å lage og sende ut kristne kassetar (brev frå Guangzhou TSPM/CCC 5. des. 1982).

3. I samband med nytt kyrkjebygg i Shengshan i Cixi kommune, seier religionsdepartementet: «Frå no av må folk gå til kyrkjebygget for å utføre normal religiøs verksemd. Det er no møteplassar i aust, vest og nord i Shengshan, og alle andre husmøter i Shengshan er fullstendig avvikla, og alle utan unntak må ta del i kyrkja sine møter i Shengshan» (Religionsbyrået, jan. 1984; Zhejiang provins).

Det blir og lagt vekt på at alle kristne får politisk opplæring (doku-

mentet frå Yunnan, Shengshan m.v.). Dei kristne må retta seg etter dei 4 grunnleggjande prinsippa: Den sosialistiske veien, folket sin demokratiske diktatur, marxisme/leninisme og Mao Zedong sine tankar; og at landet blir styrt av kommunistpartiet.

4. I Guangxi har TSPM gitt ut ein tale av leiaren for religionsbyrået til leiarane i kyrkja der. Dei kristne må kjempe mot åndeleg ureinnskap og mot overtru. Her blir det og sagt at kyrkja bør ha positiv innverknad og vera «ei bru for partiet og regjeringa for å vinne og utdanne religiøse menneske». Det blir og sagt at spørsmålet om kvar dei kristne skal møtast er det dei lokale styresmaktene som avgjer og ikkje TSPM (TSPM dokument, 20. apr. 1984).

Det finst mange rapportar om at leiarar og evangelistar i husforsamlingar som ikkje er registrert, blir forfulgt og sett i fengsel. Eksempel frå mange provinsar viser tydeleg at sjølv om partiet har utarbeidd ein religionspolitikk, så er det stor forskjell på korleis det blir sett ut i livet. Dei såkalla «venstrekreftene» har hatt større innflytelse i einskilde provinsar.

5. Eit ferskt dokument som talar om religiøs verksemd kjem frå Guangzhou («Temporary Provisions on the Management and Supervision of Religious Affairs in Guangzhou City», juni 1987; frå China News and Church Report 1072). Det er styresmaktene som vender seg til partiorgan og til media. Ein finn her spesifikke ting når det gjeld dei kristne i punkt 5 og 8 til 11. Det viktigste er at styresmaktene her i juni gav påbod om at dei ikkje autoriserte religiøse møteplassane måtte registrast innan seks månader. Elles forbyr dei evangelisering utanfor møteplassane og utanfor byen. Spesielt blir det og understreka at utlendingar ikkje har lov til å ta del i religiøs verksemd.

6. I Shanzi provins kom TSPM/CCC med nye restriksjonar og retningslinjer: «Ni reglar om å verne om normal religiøs verksemd.» (TSPM/CCC i Shanzi, frå China News and Church Report 1055). Her går ein ganske langt når det gjeld å bestemme innhaldet i forkynninga, både kva som skal vere med og kva som ikkje skal vere med (pkt. 3). Her blir det og sagt at når kyrkja vel ein ny prest, så skal han bli godkjent av dei lokale styresmaktene. Både å helbrede og det å drive ut vonde ånder er illegal verksemd.

## F. Nye tankar og forskning om religion i Kina

Akademiet for sosialvitenskap i Shanghai har dreve med omfattande religionsstudiar sidan 1984. Resultatet av desse studiane er no kome ut i bokform (også oversett til engelsk: Luo Zhufeng: The Question of Re-



ligion in the Period of Chinese Socialism; The Shanghai Academy of Social Sciences Publ.Co, Apr. 1987). Boka er delt i to bolkar: a. Observasjonar og undersøkingar om korleis religionen blir praktisert i Kina i dag. b. Religionsfenomena blir sett i historisk perspektiv der ein dreg konklusjonar om kva religion er; og det heile munnar ut i ein konkret religionspolitikk.

Forskninga her viser at religionen ikkje alltid har vore statisk, men teke aktivt del i mange gode forandringar. Statistikken frå Kina viser at i område der mange menneske er religiøse, har produksjonsnivået vore høgt og der er mindre kriminalitet. Dei religiøse har og vist gode dyder og moral, og har betre kunna takla mange problem enn andre.

Viktig er det at boka har oppgjer med Marx si forståing av religionen: Marx si evaluering av religionen som opium kan ha vore dekkjande for hans tid og stad, men det kan ikkje bli anvendt i dagens Kina. Marx talte om kyrkja i Vesten. Ho hadde utvikla seg til å gå hand i hand med klassesamfunnet. Religionen hadde gjennomsyra dei autoritære strukturane, og han hjalp overklassa som bruka religiøs tru til sitt eige formål.

Akademiet i Shanghai gir 3 grunnar til at religionsfridomen må halde fram i Kina:

1. Religionen i Kina i dag er ikkje uttrykk for eller bunden til ein overklasse som undertrykkjer andre. Religionen er ikkje eit reidskap for kapitalisme.

2. Dei fem tradisjonelle religionane i Kina (taoisme, buddhisme, protestantisk og katolsk kristendom og islam) har forstra dyder som er i tråd med statens politikk og som fremjer patriotisme og produksjon. Dette er dyder som kjærleik, det å vera usjølvisk, sosialt ansvar, vilje til utdanning, hardt arbeid og ærlegdom.

3. Religiøst arbeid som fremjar lojalitet til staten og patriotisme vil bli ønska velkomen av den sosialistiske staten for lange tider framover. «Religionsutøving kan difor bli sett på som ein del av kinesisk kultur som marxismen må tilpasse seg til for å lukkast i Kina.»

Målet for kommunismen er fortsatt eit materialistisk samfunn som ikkje har bruk for religion. Men i Kina er det enno langt igjen til det ideelle sosialistiske samfunnet. Difor er det enno sosiale og psykologiske spenningar som driv folk til å søkja trøyst i religion.

Kva er så den rette haldninga til religionen i eit ufullkome sosialistisk samfunn?

1. Ein skal ikkje aktivt prøve å eliminere religionen. Det ville nemleg vera å ignorere det faktum at utviklinga enno ikkje har nådd dithen at tida er moden for dette.

2. Det er meir realistisk å innrømme at tilhøva no fører til religiøs tru, og at det difor er nødvendig å tolerere at religionen eksisterer.

3. Vidare har dei som har religiøs tru vist at dei er i stand til å ta del i eit sosialistisk samfunn, og dei har aktivt teke del i moderniseringsoppgåvene.

Boka studerer religionen ganske opent ut fra dei faktiske tilhøve, etter prinsippet: «Sanning ut frå fakta» (Truth from Facts). Men til tross for undersøkingane som blir gjort, blir mange teser om religionen uforandra. Målet er fortsatt eit ateistisk samfunn, sjølv om ein innrømmer at det vil ta fleire generasjonar å nå så langt.

Den fridomen TSPM/CCC har, er sjølv sagt begrensa. Men det har likevel vore ei utruleg utvikling sidan kulturrevolusjonen. Stadig fleire kyrkjer blir opna. Det tolvte seminaret er no i drift, og meir kristen litteratur blir spreidd etter kvart. Likevel er behova enno enorme.

Når det gjeld frittstående kristne, forsamlingar og evangelistar, så er det mykje meir usikkert. Det blir lagt press på dei for at dei skal bli forena med kyrkja (TSPM). Uregistrerte møteplassar og reisande predikantar er forbudt. Det same gjeld verksemd frå utlandet.

Når det gjeld kristent fagpersonell, så har ikkje styresmaktene vist diskriminerande haldningar. Både kristne og andre kan få arbeid i Kina i samsvar med si faglege utdanning. Men leiinga i kyrkja (TSPM) har mange restriksjonar og negative haldningar til kristne utlendingar og spesielt til misjonsorganisasjonar. Men likevel er det eit visst samarbeid om ymse prosjekt gjennom Amity Foundation.

*Dagfinn Solheim*, f. 1944, Fjellhaug misjonsskole 1969, cand theol. 1971, studier ved Fuller Theol. Seminary 1971-72 og 1977-78. Dr. of Missiology 1978. Misjonær for NLM i Japan 1972-87. Daglig leder av China Instituttet på Fjellhaug fra 1987.

## **Religion in Communist China**

The author describes trends in the official policy towards religion in China, emphasizing recent developments and changes. The main part of the review consists in quotations from and summaries of recent official documents, and includes reports from various parts of China.